

Styremøte-8-2018

Torsdag 25.oktober kl.1800 i klubbhuset

Desse møtte: Ole Bosnes, Terje Edvardsen, Dagfinn Grøttå, Arne Hjertenes, Inge Bakke

SAKER

1. Økonomistatus

	Rekneskap 2018	Budsjett 2018
Inntekt Slippen:	12 150	16 000
Framleige av plassar:	1 953	0
Avgifter ved omsetnad av plasser:	17 000	10 000
Betaling for straum:	5 900	8 000
Frikjøp dugnad:	32 000	25 000
SUM INNTEKTER:	69 003	59 000
DRIFTSKONTO PER 25. OKTOBER 2018:	143 626 (inkludert kassakreditt på 150 000)	
Kommande utgifter:		
Bruk av kassakreditt per 25. oktober:	6 374	
+ Forfall i oktober	3 569	
+ Termin lån november-desember	13 500	
+ SFE – straum	3 500	
+ Utbetaling til utleigarar	17 577	
= Forventa bruk av kreditt per 31. desember	44 520	

2. Dugnda - oppgåvefordeling

- Tak over varmpumpe: Terje Edvardsen, Dagfinn Grøttå, Arne Hjertenes.
- Koble vassleidning på A-brygga: Audun Larsen.
- Hugse å koble til varmekablene til vannrør før frosten kommer: Terje Edvardsen.
- Legge ut ny fortøyning på brygge B. Trengs dykker. Ole Bosnes snakker med Kjetil Fure.
- Lage ramme til biletet av hamna og Kongeskipet. Terje Edvardsen avklarar.

3. Bruken av klubbhuset

Inngangsdøra til klubbhuset kan opnast med den vanlege hamnenøkkelen. Dette gjev tilgang til det første rommet med sofagruppe, og til toalettet, men ikkje til hovudrommet.

Styret held ope hus i hovudrommet kvar laurdag kl. 11-14. Det har vore laga kaffi og stekt vafflar eller sveler. Mellom 5 og 10 har møtt fram. Det har vore god stemning og trivelege samtalar. Fleire burde ta turen og nytte dette tilbodet. Det vert hengt ut flagg for å signalisere at huset er ope og betjent.

Klubbhuset har vore utleigd ein del ganger. Då vert det ikkje høve til å nytte huset for medlemmane.

Alle har høve til å søkje om utleige. Leigeprisane står på heimesida under lenken «Klubbhus». Det er eigne prisar for medlemmane.

Styret planlegg å arrangere kurs for båtførarprøven i klubbhuset i løpet av vinteren.

Det søkjast om å leige klubbhuset til eit målarkurs ei helg til våren. Dette er ein kommersiell leigetaker sidan deltakarane skal betale kursavgift. Styret set prisen til 2500 kroner.

4. Tid for årsmøte

Vedtekter §7 Årsmøtet

Holmavika hamnelag held sitt årsmøte innan utgangen av **februar**.
Andelseigarane/medlemmane skal ha motteke innkalling til årsmøtet per brev eller e-post seinast 7 dagar før møtet vert halde.

Andre saker som skal handsamast på årsmøtet, må vere styret i hende innan **15. januar**.

Som klippet frå vedtektene viser må årsmøtet haldast mellom 15. januar og slutten av februar. Styret vedtok å gje leiaren i oppdrag å finne ein dato i februar som ikkje kolliderer med andre viktige møte/oppdrag for styret eller allmennheten.

MØTET SLUTT